



Tingvoll, 22.2.2023

Herøy kommune
postmottak@heroy.kommune.no

Dispensasjon turveg - Leikong - fråsegn

Vi viser til dykkar ref. 19/10790 23/1930.

Det er tale om ein revidert søknad i ei sak som har vore til avgjerd hos Statsforvaltaren tidlegare. Spørsmålet no må difor vere om det i den nye søknaden er moment som gjer denne søknaden vesentleg forskjellig frå den som har vore handsama tidlegare.

Vi ser følgjande moment som i så måte kan vere aktuelle å vurdere:

1. Veg-/stibreidde

- Ei viktig utfordring med vegen/stien er at denne vil syne som ei bein line på skrå oppover lia. Dette er eit framandelement i ein natur som ikkje er laga med linjal. Ei justering på 30 cm gjer i praksis ingen skilnad.
- Behov for grøft/løysing for overvatn blir den same uavhengig av veg/stibreidde.
- Grusdekke som framandelement er framleis framandelement sjølv om det blir litt mindre grusa flate.
- Vegen/stien blir ikkje mindre bratt og er framleis mykje brattare enn universell utforming.
- Ein smalare veg er like slett som ein litt breiare veg, samanlikna med ein naturleg sti.

2. Veglengde

- Nedkortinga av vegen/stien er så liten at det ikkje kan tilleggast noko større vekt. Det kan vere noko usikkert om denne typen inngrep er å rekne som eit tyngre inngrep. Viss så ikkje er tilfelle, gjer 50 meter veg/sti ingen forskjell. Viss vegen/stien er å rekne som eit tyngre inngrep, vil ein slik veg som ender opp ved noverande grense på kartet i praksis flytte denne grensa 1 km og dermed redusere arealet som ligg meir enn 1 km frå tyngre inngrep. Ein eventuell skilnad som følgje av nedkortinga er altså skilnaden mellom 1000 og 1050 meter flytting av INON-grensa.
- Den faktiske påverkinga av INON-område skuldast ikkje om vegen/stien er 1,2 meter eller 1,5 meter brei.
- Dei som har nådd enden på vegen/stien i tidlegare søknad og er aktuelle for å auke trafikken innover fjellet, vil nok også gjere det om vegen blir 50 meter kortare. Det moglege problemet med auka slitasje som følgje av tiltaket vil ikkje bli nemnande mindre.

3. Naturkartlegging

- Den framlagde naturkartlegginga dokumenterer det vi tidlegare har antatt har vore kystlynghei. Kystlynghei er ein utvald naturtype som skal ha ei særskilt handsaming etter naturmangfaldlova.

I Natur og Samfunn AS sin kartleggingsrapport finst det også vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II. Der manglar det heilt vesentlege opplysningar om utbreiing og tilstand for kystlynghei i Herøy og elles i regionen. Dermed blir konklusjonen feil. Det er mellom anna som følgje av at det har blitt borte ein bit her og ein der at kystlynghei har blitt (EN) sterkt truga.

4. Nærføring med vassdrag

- Trasèen for vegen/stien er flytta litt lenger frå bekken på ei strekke. Det kan seiest å vere ein fordel. Å vurdere kor stor ein slik fordel er kan nok vere vanskeleg. Det er nok helst slik at dette er eit av mange små tiltak som kan ha noko å seie. I prosjekt nær bekkar bør ein ta med seg alt, for å redusere verknaden av manglande kunnskap. Samtidig hindrar det nok ikkje all påverknad av bekken. Vegen/stien vil framleis ligge så nære at avrenning frå denne vil kunne påverke bekken.

Konklusjon

Endringane i den nye søknaden representerer ingen vesentleg skilnad frå den som blei avslått av Statsforvaltaren. Den nye naturfaglege undersøkinga slår fast det vi til no har antatt, at vegen/stien i all hovudsak vil gå gjennom kystlynghei, ein utvald naturtype, raudlista som EN, sterkt truga.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal